



Store steinar som stikk opp langs Fjellandsbøvatnet er eit trugsmål

Vegen frå Friheim og inn mot Fjellandsbø har kanskje aldri vore i ein så elendig forfatning som no. Å køyra den meir enn kilometerlange vegen er ei bokstaveleg tala rystande oppleving. Store steinar som stikk opp og djupe hol avløyser kvarandre og

er eit trugsmål mot bilane og då ikkje minst slike som er låge under. Dei som køyrer vegen tek ein sjanse.



[Kommunen bør ta vedlikehaldsansvaret meir ålvorleg](#)

Vegen er kommunal inn til Brustølen innunder Fjellandsbøgardane.

Frå brua og opp til gardane er det privat veg.

uskedalen.no har hatt kontakt med grunneigarar som krev at kommunen snart tek oppgåva si med vedlikehaldet meir ålvorleg.

Ein opplysar at han har purra på kommunen så mykje som 10 gongar utan resultat.

Dei peikar også på at trafikken har auka munaleg i den seinare tid både fordi det har vorte både fleire klatrarar og vanlege turistar som har søkt inn i dette fantastiske natur-eldoradoet. Men tilstanden til vegen er ein tvilsam form for turistreklame.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Ved Friheim er det slutt på asfaltvegen og der startar den rystande opplevinga